



**Sogn og Fjordane
Orienteringskrins**
Orientering - meir enn idrett!

Elvebakken 6
6856 Sogndal
Tlf 934 52 663
Bankgiro: 3700.61.15110
E-post:
christian.froyd@hvl.no

PROTOKOLL KRINSTINGET 2024

Tid: **Søndag 28. januar 2024 kl. 13.00.**

Stad: **Skei Servicesenter**

Representasjon: Anders Bergset, krinsstyret
Bård Ove Bergset, IL Vetem
Kjell Ove Bergset, IL Vetem
Ivar Bergset, IL Vetem
Anna-Karin Clarin, Sogndal IL
Gøril Fristad, krinsstyret
Christian Frøyd, krinsstyret
Kurt Grønli, Førde IL
Edvin Helle, Askvoll og Holmedal IL
Knut Even Hole, Førde IL
Torodd Os, Førde IL
Helge Schei, Valkomiteen
Jakob Kalvig Skogan, Sogndal IL
Norvald Ospehaug, Tambarskjelvar IL og krinsstyret (vara)
Per Øen, Markane IL
Nils R Sandal, Vestland Idrettskrets
(grunna vegstenging var representantane frå Markane og Vetem med på teams)

- Kl 13.00 **Opning av tinget**
Helsing frå Vestland Idrettskrets v/ Nils R. Sandal.
- SAK 1 *Godkjenning av die frammøtte representantane*
14 representantar har stemmerett.
Alle representantar har talerett.
- SAK 2 *Val av dirigent:*
Jakob K Skogan
- SAK 3 *Val av protokollfører:*
Gøril Fristad
- SAK 4 *Val av to representantar til å underskrive protokollen:*
Anna-Karin Clarin og Ivar Bergset
- SAK 5 *Godkjenning av forretningsorden*
Årsmøtet ledes av den valgte dirigenten, og skal gjennomføres i samsvar med NIFs lov og denne forretningsorden.
Enhver som ønsker ordet på årsmøtet, må melde seg til talelisten og kan bare tale til årsmøtet når dirigenten har gitt vedkommende ordet.
For etterfølgende innlegg, er taletiden tre minutter for første innlegg, to minutter for andre innlegg og ett minutt for tredje innlegg. Ingen gis rett til ordet mer enn tre ganger i same sak.
Forretningsorden godkjent utan merknader.
- SAK 6 *Godkjenning av innkalling*
Innkalling godkjent utan merknader.

SAK 7 *Godkjenning av sakslista*
Innkalling godkjent utan merknader.

Saker knytt til årsmelding og rekneskap for 2022 og 2023

SAK 8 *Behandle årsmelding for 2022-2023*
Vedlegg 1: Årsmelding 2022 – 2023

Årsmeldinga var utsendt i forkant av Krinstinget. Christian går gjennom årsmeldinga.

Korrigerings s. 2: *Anders Bergset* er også styremedlem i Krinsstyret

Korrigerings s. 12, 2023: Endre årstal i første setning, til 2023

Anja Hole: O-festivalen, nr. 5 på jaktstart

Tillegg s. 12 Håkon Grønli: *Vann alle løp på Midnattssolsgaloppen*

Tillegg s. 16, 2022: Ein *fantastisk* samlingsplass på Roset, og «*Det var eit godt gjennomført arrangement av Vetan IL*».

Ungdomscup 2022 og 2023

Det vart delt ut premiar for ungdomscupen 2022 etter klubbmøte 5.11.22. Premiar for ungdomscupen 2023 vart delt ut på krinstinget.

Framlegg til vedtak: Årsmeldinga vert godkjent

Vedtak: Årsmelding er godkjent.

SAK 9 *Behandle rekneskapen for 2022 og 2023, styrets økonomiske beretning, og revisors beretning*

Vedlegg 2:

Resultatrapport for 2022 og balanserapport pr 31.12.2022.

Resultatrapport for 2023 og balanserapport pr 31.12.2023.

Vedlegg 3: styrets økonomiske beretning

Vedlegg 4: revisors beretning

Christian går kort gjennom rekneskap for 2022 og 2023.

Revisor Andreas Haug tilrår at rekneskapane blir godkjente.

Framlegg til vedtak: Rekneskapen for 2022 og 2023, styrets økonomiske beretning og revisors beretning vert godkjent.

Vedtak: Rekneskapen for 2022 og 2023, styrets økonomiske beretning og revisors beretning er godkjent.

Behandle forslag og saker

SAK 10 *Behandle inkomne forslag*

SAK 10.1 *Vedta ny lov for SFOK– forslag frå krinsstyret*

Vedlegg 5: Lov for SFOK

Korrigerings: § 11(1) Endre *årleg* til *annan kvart år*

§ 12 (2b) Endre 59 til 60

§ 14 (n) Ta vekk

Forslag på vedtak: Tinget godtek styret sitt framlegg til lov for SFOK med dei merknadene som er kome fram i møtet.

Vedtak: Styret sitt framlegg til lov for SFOK for er godkjent.

SAK 11 *Fastsette kontingent for 2024 og 2025*

Vedlegg 6: Kontingent for 2024 og 2025

Framlegg til vedtak: Styret sitt framlegg på nye kontingentsatsar vert vedtatt.

Vedtak: Styret sitt framlegg på nye kontingentsatsar er godkjent.

SAK 12 *Behandle planer og budsjett for 2024 og 2025*

Vedlegg 7: Budsjett SFOK for 2024 og 2025

Christian går gjennom budsjettforslag for 2024 og 2025.

For å få driftsresultatet til å gå i balanse (500), vart driftskostandposten for andre aktivitetar justert frå 10 000 til 5 000.

Framlegg til vedtak: Forslag på budsjett SFOK 2024-2025, slik det ligg føre etter justering kome fram på møtet, vert godkjent.

Vedtak: Forslag på budsjett SFOK 2024-2025 er godkjent.

SAK 13 *Val etter lovene*

Valnemnda v/Helge Schei gjekk igjennom grunnlaget for å søke NOF om dispensasjon frå § 2.4 om kjønnsfordeling, ein dispensasjon som vart innvilga. Vedtak om dispensasjon for komande periode vert lagt ved protokollen.

Valnemnda si innstilling vart lagt fram.

Leiar:	Knut Even Hole, Førde
Nestleiar:	Jakob Kalvig Skogan, Sogndal IL
Styremedlem:	Gøril Fristad, Askvoll og Holmedal
	Anders Bergset, IL Vetem
	Anne Marie Svarstad, Markane IL
	Håkon Grønli, Førde IL
1. vara:	Anna-Karin Clarin, Sogndal IL
2. vara:	Yngve Aardal, Førde IL
3. vara:	Norvald Ospehaug, Tambarskjelvar IL

Kontrollutval:
Andreas Haug, Førde IL (leiar)
Julie Daling, Førde IL
Vara: Edvin Helle, AHIL

Utsending til forbundstinget på Gardermoen 16-17 mars 2024 (To stk.):

Leiar Knut Even Hole
Krinsstyret får fullmakt til å utnemne den andre representanten

Utsendingar til Idrettskrinsting i Vestland idrettskrets 13. april 2024 i Bergen:

Krinsstyret får fullmakt til å utnemne den andre representanten

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg på styre, kontrollutval, utsending til forbundsting og idrettsting vart godkjent.

Grunna endringar i val av styre (vara), kom styret med ei endring i sitt framlegg på valnemnd ut frå utsendt sakliste. Styret sitt framlegg til valnemnd:

Leiar:	Christian Frøynd, Sogndal IL
Medlem:	Kristin Hatledal, Markane IL
Vara:	John Anders Schei, Førde IL

Vedtak: Styret sitt framlegg på valnemnd vart godkjent.

SAK 14

Informasjonssak

a) Evaluering av tiltaksplanen for 2023

b) Jakob gikk gjennom styret sitt utkast på tiltaksplan for 2024

Møte slutt kl. 16.00



Gøril Fristad, referent



Anna-Karin Clarin



Ivar Bergset

